



*sparebanken
sogn og fjordane*



Kvartalsrapport

3. kvartal 2022 (ikkje revidert)

Innhald

3	Hovudtal konsern
4	Kvartalsrapport 30.09.2022
9	Resultatrekneskap konsern
10	Balanse konsern
11	Kontantstraumoppstilling konsern
12	Eigenkapitaloppstilling, konsern
14	Notar
30	Resultatrekneskap morbank
31	Balanse morbank
32	Resultatrekneskap konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
33	Kvartalsvis resultatutvikling konsern
34	Kvartalvis resultatutvikling konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
35	Kontaktinfo SSF

BILETE PÅ FRAMSIDA: Photoevent

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KR.

RESULTATREKNESKAP

	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Netto renteinntekter	816	694	945
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	0	110	173
Andre driftsinntekter	120	115	157
Driftskostnader	371	360	483
Resultat før nedskriving (inkl. verdipapir)	565	559	791
Resultat før nedskriving (ekskl. verdipapir)	565	449	618
Nedskriving på utlån og garantiar	6	- 37	- 37
Resultat før skatt	559	596	827
Skatt	126	126	161
Resultat etter skatt	433	470	666
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	433	470	666

BALANSE

Eigedelar

Brutto utlån til og krav på kundar	60 467	56 631	57 651
Nedskriving på utlån	- 275	- 309	- 307
Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar)	8 335	7 701	7 368

Gjeld og eigenkapital

Innskot frå og gjeld til kundar	34 675	31 919	32 536
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	27 570	25 806	25 835
Eigenkapital	6 480	6 186	6 249
Forvaltningskapital	70 486	65 040	65 808
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	67 900	64 324	64 604

NØKKELTAL

Lønsemd

Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,61 %	1,44 %	1,46 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,24 %	0,24 %	0,24 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,73 %	0,75 %	0,75 %
Resultat før nedskriving i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,11 %	1,16 %	1,22 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,10 %	1,24 %	1,28 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,85 %	0,97 %	1,03 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,85 %	0,97 %	1,03 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	39,60 %	44,50 %	43,87 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	39,62 %	39,19 %	37,93 %
Nedskriving i % av brutto utlån (resultatført)	0,01 %	- 0,07 %	- 0,06 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	12,64 %	14,78 %	15,38 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	9,80 %	11,66 %	12,39 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	9,80 %	11,66 %	12,39 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	19,41	21,11	29,91
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr			9,00

1) EK avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital

Soliditet og likviditet

Kapitaldekningsprosent	19,63 %	19,00 %	19,44 %
Kjernekapitalprosent	17,82 %	17,17 %	17,66 %
Rein kjernekapitalprosent	16,77 %	15,71 %	16,62 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,27 %	8,46 %	8,86 %
LCR (Likviditetsindikator)	135 %	153 %	140 %
NSFR konsern	124 %		
NSFR morbank	139 %		

Balanseutvikling

Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	8,37 %	4,70 %	5,02 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	6,77 %	4,85 %	5,04 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	8,64 %	4,66 %	6,10 %
Innskot i % av brutto utlån konsern	57,34 %	56,36 %	56,44 %
Innskot i % av brutto utlån morbank	100,69 %	96,05 %	94,84 %

Tilsette

Årsverk	279	269	273
---------	-----	-----	-----

Kvartalsrapport 30.09.2022

Alle tal som er kommenterte gjeld for konsernet, om ikkje anna er oppgitt. Tal i parentes er tal for 3. kvartal 2021.

Hovudlinjer 3. kvartal 2022 isolert

- Netto renteinntekter 291 mill. kr (235 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument -18 mill. kr (36 mill. kr)
- Driftskostnader 128 mill. kr (117 mill. kr)
- Tap på utlån 2 mill. kr (inntektsført 37 mill. kr)
- Resultat etter skatt 143 mill. kr (176 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 9,6 % (12,7 %)

Hovudlinjer pr. 3. kvartal 2022 hittil i år


- Netto renteinntekter 816 mill. kr (694 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 0 mill. kr (110 mill. kr)
- Driftskostnader 371 mill. kr (360 mill. kr)
- Tap på utlån 6 mill. kr (inntektsført 37 mill. kr)
- Resultat etter skatt 433 mill. kr (470 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 9,8 % (11,7 %)
- Kapitaldekningsprosent 19,6 % (19,0 %)

Resultat 3. kvartal isolert

Resultatet før skatt er på 185 mill. kr, mot 229 mill. kr for same kvartal i fjor. Nedgangen skuldast i hovudsak negativt resultat frå finansielle instrument i 3. kvartal i år, mot eit spesielt godt resultat for 3. kvartal i fjor. Vidare var det i 3. kvartal i fjor inntektsført/tilbakeført 37 mil. kr i tapkostnader, medan det i år er ein auke i tapkostnadene på 2 mill. kr. Det er elles god framgang i netto renteinntekter og i provisjonsinntektene. Samtidig er det ein auke i driftskostnadene i forhold til i fjor.

Resultatet etter skatt for 3. kvartal er på 143 mill. kr, mot 176 mill. kr for same kvartal i fjor. Resultatet for 3. kvartal i år gir ei eigenkapitalavkastning på 9,6 % mot 12,7 % for same periode i fjor.


Graf resultat etter skatt i mill. kr kvartalsvis:



Netto renteinntekter 3. kvartal isolert


Netto renteinntekter er på 291 mill. kr og er 56 mill. kr, eller 23,7 %, betre enn for same kvartal i fjor. Utlånsveksten dei siste 12 månadene er på 6,8 %, og innskota har auka med 8,6 %. Samla kundemargin for 3. kvartal er over marginen for 3. kvartal i fjor. God vekst i innskot og utlån, og auka kundemargin har bidratt til fin vekst i netto renteinntekter. Fundingkostnadene for verdipapirgjelda er samtidig høgare enn for 3. kvartal i fjor, pga. oppgang i 3 mnd. Nibor og dette har påverka rentenettoen negativt isolert sett. Banken har varsla ny renteoppgang for lån og innskot. Samla effekt på netto renteinntekter er usikker, fordi det er venta at fundingkostnadene for verdipapirgjelda vil auke ytterlegare, som konsekvens av auke i 3 mnd. Nibor.

Graf rentenetto i mill. kr kvartalsvis:



Grafen nedanfor, viser rentenettoen målt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For 3. kvartal 2022 er rentenettoen på 1,65 %, og er opp 0,22 prosentpoeng frå 3. kvartal 2021. Marginen for 3. kvartal i fjor var spesielt låg.

Graf rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital i prosent:




Netto andre driftsinntekter 3. kvartal isolert

Netto andre driftsinntekter for 3. kvartal er på 25 mill. kr, mot 74 mill. kr i 3. kvartal i fjor. Nedgangen i resultatet skuldast eit godt resultatet frå finansielle instrument i 3. kvartal i fjor med 36 mill. kr, medan det er eit negativt resultat på 18 mill. kr for 3. kvartal i år. Det negative resultatet for 3. kvartal 2022 kjem frå verdiendring i finansielle instrument (rentepostar) og er relatert til utviklinga i underliggande renter. Samtidig er det eit positivt resultat frå aksjar i 3. kvartal i år med 10 mill. kr, mot 11 mill. kr for tilsvarande kvartal i fjor.

Andre inntekter, ekskl. resultat frå finansielle investeringar, er på 43 mill. kr og er 5 mill. kr høgare enn for 3. kvartal 2021. Auken skuldast høgare inntekter frå betalingsformidling og forsikring.

Graf andre inntekter og inntekter frå finansielle investeringar i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnader 3. kvartal isolert

Driftskostnadene for 3. kvartal er på 128 mill. kr og er 11 mill. kr, eller 9,4 %, høgare enn for 3. kvartal 2021.

Auken skuldast primært høgare personal- og IT-kostnader, inkludert kostnader knytt til strategiske fellesprosjekt i Frende-samarbeidet.

Mange kostnadspostar er redusert som resultat av eit kostnadseffektiviseringsprosjekt, men samtidig aukar ein del kostnader pga. lønsvest, prisstigning og generelt høg aktivitet. Vidare så var ein del av kostnadene i 3. kvartal i fjor spesielt låge grunna koronasituasjonen, til dømes som følgje av låg reiseaktivitet.

Graf driftskostnader i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnadene utgjør 0,73 % av gjennomsnittlig forvaltningskapital mot 0,72 % for 3. kvartal i fjor.

Kostnadsprosenten, inkludert resultatet frå finansielle instrument, er på 40,7 mot 38,0 for 3. kvartal 2021.

Ettersom det er negativt resultat frå finansielle instrument i 3. kvartal i år, gir kostnadsprosenten, eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, eit betre uttrykk for kostnadseffektiviteten. Kostnadsprosenten viser fin utvikling og er på 38,4 mot 43,0 på same tid i fjor.


Graf kostnadsprosent ekskl. resultat finansielle instrument kvartalsvis:



Nedskrivingar 3. kvartal isolert

Netto tap på utlån og garantiar er på 2 mill. kr, mot ei netto inntektsføring/tilbakeføring av tap på 37 mill. kr for 3. kvartal i fjor.

Graf resultatført nedskriving i mill. kr kvartalsvis:



For nærmare forklaring sjå note 5 og 6.

Netto renteinntekter hittil i år

Netto renteinntekter er på 816 mill. kr og har auka med 121 mill. kr eller 17,5 % frå same periode i fjor. Det er god vekst i utlån og innskot frå kundar og kundemarginen er også høgare enn for same periode i fjor. Samtidig er fundingkostnadene vesentleg auka pga. oppgang i 3 mnd. Nibor. Totalt sett er det ein fin utvikling i netto renteinntekter i forhold til i fjor.

Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,61 % mot 1,44 % for same periode i fjor.

Netto andre driftsinntekter hittil i år

Netto andre driftsinntekter er på 120 mill. kr mot 224 mill. kr for same periode i fjor.

Nedgangen i netto andre driftsinntekter skuldast at resultatet frå finansielle instrument er tilnærma 0 mill. kr mot 110 mill. kr for same periode i fjor. Av resultatet pr. 3. kvartal i år kjem 43 mill. kr frå langsiktige aksjeplasseringar, mot tilsvarende 78 mill. kr for same periode i fjor. Pr. 3. kvartal i år er det eit negativt resultat på netto 55 mill. relatert til verdiendring frå finansielle instrument (rentepostar) mot eit positivt resultat for same periode i fjor på 21 mill. kr. Det negative resultatet i år har samanheng med stor endring i marknadsrentene den siste tida. For nærare forklaring sjå note 3.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter (resultat frå vinst/tap frå finansielle instrument) er på 120 mill. kr og har auka med 5 mill. kr samanlikna med tala pr. 3. kvartal i fjor. Det er fin vekst i inntekter frå betalingsformidling og fondssparing, medan inntekter frå eigdomsmekling er redusert.

Driftskostnader hittil i år

Driftskostnadene er på 371 mill. kr og har auka med 11 mill. kr, eller 2,9 %, i forhold til same periode i fjor.

Veksten i kostnadene er påverka av spesielle postar både i tala for i år og i fjor. I tala for i fjor var det gjort avsetningar til m.a. sluttvederlag og i år er det utgiftsført kostnader relatert til innføring av ei EK-bevisordning for tilsette. Justert for desse spesielle postane er det ein kostnadsvekst på 4,4 %.

Fleire kostnadspostar er redusert samtidig som det er auke i m.a. personal- og IT-kostnadene. Enkelte kostnader var spesielt låge i fjor som t.d. reisekostnader pga. koronasituasjonen.

Driftskostnadene utgjør 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 0,75 % for same periode i fjor. Totalt for 2021 utgjorde kostnadene 0,75 %.

Inkludert resultatet frå finansielle instrument er kostnadsprosenten 39,6, mot 39,2 pr. 3. kvartal i fjor.

Eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, er kostnadsprosenten 39,6, mot 44,5 for same periode i fjor.

Nedskriving på utlån og garantiar hittil i år

Nedskrivingane pr. 3. kvartal 2022 er låge med netto 6 mill. kr. For same periode i fjor var det ei tilbakeføring/inntektsføring av tap på 37 mill. kr, så skilnaden i forhold til i fjor er likevel stor. Nedskrivingane for i år utgjør 0,01 % av brutto utlån.

Samla balanseførte nedskrivingar på utlån, garantiar og unytta kredittar pr. 30.09.22 er på 305 mill. kr mot 327 mill. kr pr. 30.09.21. Av nedskrivingane pr. 30.09.22, er 275 mill. kr relaterte til utlån. Dette utgjør 0,46 % av brutto utlån, mot 309 mill. kr og 0,55 % eitt år tidlegare. Reduksjonen i nedskriving er i hovudsak knytt til positiv utvikling for enkeltengasjement. Samstundes er modellnedskrivingane auka med bakgrunn i makrosituasjonen.


Balansen

Konsernet har ein forvaltningskapital på 70,5 mrd. kr pr. 30.09.22. Forvaltningskapitalen har auka med 5,4 mrd. kr, eller 8,4 %, dei siste 12 månadene. Auken i forvaltningskapitalen skuldast primært god vekst i utlån til kundar og auka likviditetsreserve i form av sertifikat og obligasjonar.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar er på 60,5 mrd. kr. Veksten det siste året er på 3,8 mrd. kr eller 6,8 %.

Graf brutto utlån i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har utlån til privatmarknaden (PM) hatt ein fin vekst med 7,0 % og utlån til bedriftsmarknaden (BM) (inkl. utlån til offentlig og finansiell sektor) har auka med 6,1 %.


Hittil i år er det ein utlånsvekst på 5,7 % til privatmarknaden og 2,4 % til bedriftsmarknaden.

Banken har ei offensiv satsing spesielt mot privatmarknaden og forventar god utlånsvekst også framover.

Innskot

Innskot frå kundar er på 34,7 mrd. kr. Veksten dei siste 12 månadane er på 2,8 mrd. kr eller 8,6 %.

Graf innskot i mill. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har innskot frå privatmarknaden auka med 5,3 % og innskot frå bedriftsmarknaden (inkl. offentlig og finansiell sektor) med 14,1 %.

Hittil i år er det ein innskotsvekst frå privatmarknaden med 4,2 % og 10,2 % frå bedriftsmarknaden.

Innskotsdekninga for konsernet er på 57,3 %, mot 56,4 % pr. 30.09.21.

Kreditrisiko

Brutto lån og garantiar mv. i betalingsmisleghald, over 90 dagar, er på 135 mill. kr, og er redusert med 8 mill. kr i forhold til tala pr. 31.12.21.

Kreditrisikoen på privatmarknaden er vurdert som låg men er venta å stige noko framover. Utviklinga i makrosituasjonen med høgare renter og høg generell prisvekst, vil ha negativ innverknad på folk sin privatøkonomi. Dette kan bidra til noko auke i betalingsproblema framover, men det er vår vurdering at banken sine kundar generelt har god betalingsevne.

Næringslivet i Sogn og Fjordane går bra og banken sin kreditrisiko på bedriftsmarknaden vert vurdert som moderat. Høgare renter og kraftig prisvekst vil også ha negativ innverknad på næringslivet, men stort innslag av primær- og sekundærnæringar har tidlegare gjort at Sogn og Fjordane, i mindre grad enn resten av landet, har blitt ramma av dei største økonomiske svingingane.

Andelen utlån til bedriftsmarknaden av samla utlån utgjør 24,0 % pr. 30.09.22, mot 24,1 % eitt år tidlegare.

Behovet for ansvarleg kapital knytt til kreditrisiko er på 2.476 mill. kr og har auka med 29 mill. kr frå 30.09.21.

Likviditet og finansiering

Banken har fokus på innskotsdekning, likviditetsreserve og forfallsstruktur på funding i styringa av likviditeten. Likviditetsreserven er på 7,8 mrd. kr pr. 3. kvartal 2022. Likviditetsreserven er plassert i kortsiktige innskot i Norges Bank, i andre bankar og i fritt omsettelege obligasjonar/sertifikat. Likviditetsindikatoren (LCR) er på eit tilfredsstillande nivå med 135 %, mot 153 % eitt år tidlegare.

Banken nyttar bustadlån til å legge ut obligasjonar med førerett (OMF) gjennom det heileigde dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Bustadkreditselskapet har pr. 30.09.22 OMF-innlån pålydande 21,2 mrd. kr ute i marknaden. Bustadkreditselskapet har ein samla sikringsmasse på 25,6 mrd. kr. Det er pr. 30.09.22 ei overdekning av sikringsmasse i selskapet på 4,4 mrd. kr.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 30.09.22 samla utlån på 26,0 mrd. kr, og utlåna har auka med 11,3 % dei siste 12 månadene. Eigenkapitalen i selskapet er på 1,9 mrd. kr. Selskapet har eit resultat før skatt på 140 mill. kr, mot 177 mill. kr pr. 3. kvartal 2021. Resultatnedgangen skuldast primært lågare netto renteinntekter pga. høgare vekst i fundingkostnadene enn i renteinntektene frå kundar.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig dei største bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 13,1 mill. kr, mot 3,9 mill. kr for tilsvarande periode i 2021. Ein del av resultatendringa skuldast vinst ved sal av ein eigedom.

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 22,9 mill. kr, og er redusert med 3,7 mill., eller 14 %, i forhold til året før pga. lågare aktivitet. Resultatet før skatt pr. 3. kvartal 2022 er negativt med 0,6 mill. kr, mot eit positivt resultat på 3,5 kr pr. 3. kvartal i fjor.

Soliditet og avkastning


Eigenkapitalen til konsernet pr. 30.09.22 er på 6,5 mrd. kr og har auka med 294 mill. kr eller 4,8 % samanlikna med tala pr. 30.09.21. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utbytte og gåver.

Konsernet har ei kapitaldekning pr. 30.09.22 på 19,63 % mot 19,00 % pr. 30.09.21. Rein kjernekapitaldekning er på 16,77 % mot 15,71 % pr. 30.09.21.

Inkludert resultatet pr. 30.09.22, og etter forholdsmessig frådrag av forventta utdeling av gåver og utbytte, er rein kapitaldekning estimert til 17,68 % pr. 30.09.22.

Resultatet etter skatt pr. 3. kvartal i år er på 433 mill. kr mot 470 mill. kr pr. 3. kvartal 2022. Dette gir ein eigenkapitalavkastning på 9,8 %, mot 11,7 % pr. 3. kvartal 2021. Sparebanken Sogn og Fjordane har over tid hatt ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning. Styret er nøgd med resultatet og avkastninga.

Graf resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent pr. år:



Rating

Sparebanken Sogn og Fjordane har pr. 30.09.22 langsiktig rating A1 frå Moody's. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har langsiktig rating Aaa.

Oppsummering

Resultatet etter skatt for 3. kvartal er på 143 mill. kr, mot 176 mill. kr for 3. kvartal i fjor. Resultatet er godt, men lågare enn for 3. kvartal i fjor pga. negativt resultat frå finansielle instrument i år, inntektsføring/tilbakeføring av tap i 3. kvartal i fjor og auka driftskostnader. Det er elles god vekst i netto renteinntekter og i provisjonsinntektene. Eigenkapitalavkastninga for kvartalet er på 9,6 %, mot 12,7 % for 3. kvartal 2021.

Hittil i år er det eit resultat etter skatt på 433 mill. kr, mot 470 mill. kr i fjor. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 9,8 %, mot 11,7 % for tilsvarende periode i fjor. Samla utlånsvekst, dei siste 12 månadene, er på 6,8 % og innskota har auka med 8,6 %. Banken har ei offensiv satsing mot privatmarknaden og utlånsveksten til privatmarknaden er god med 7,0 %. Netto renteinntekter er den viktigaste inntektskjelda og tala hittil i år viser ein fin vekst på 17,5 %. Driftskostnadene har samtidig auka med 2,9 %. Kostnadsprosenten for 3. kvartal 2022, ekskl. resultat frå finansielle instrument, er på 39,6 mot 44,5 for same kvartal i 2021. Banken har hatt god effekt av eit kostnadsprosjekt, som vart etablert i 2020, og har ei kostnadseffektiv drift. Som forventa aukar kostnadene dette kvartalet pga. lønsvekst, prisstigning, høg aktivitet og strategiske fellesprosjekt i Frende-samarbeidet.

Kapitaldekninga pr. 30.09.22 er på 19,6 % og rein kjernekapitaldekning er på 16,8 %.

Banken har god kapitaldekning, ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane og ein god vekst i privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane.

Utsiktene har blitt meir usikre den siste tida pga. krigen i Ukraina, sterk renteoppgang og høg generell prisstigning. Det er vår oppfatning at kundane til banken har eit bra utgangspunkt for å takle auka renter og høgare prisar, men samtidig må vi vere budde på at enkelte kundar kan få utfordringar framover.

Styret er godt nøgd med banken si resultatutvikling, og meiner at konsernet har eit godt grunnlag for vidare vekst og utvikling

Førde, 25.10.2022

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Resultatrekneskap konsern

TAL I MILL. KRONER	Note	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021	01.01. – 30.09.22	01.01. – 30.09.21	2021
Renteinntekter		556	345	1 439	1 040	1 420
Rentekostnader		265	110	623	345	476
Netto renteinntekter		291	235	816	694	945
Provisjonsinntekter		44	36	118	106	149
Provisjonskostnader		9	8	23	20	28
Netto vinst på finansielle instrument		- 18	36	0	110	173
Andre inntekter		8	9	25	28	36
Netto andre driftsinntekter	3	25	74	120	224	329
Sum inntekter		315	309	936	919	1 274
Lønn og andre personalkostnader		72	66	201	195	263
Andre kostnader		50	41	146	135	182
Av- og nedskrivning, verdiendring og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		7	11	23	30	39
Sum driftskostnader		128	117	371	360	483
Resultat før nedskrivning på utlån og netto vinst driftsmidler		187	192	565	559	791
Nedskrivning på utlån og garantiar	4	2	- 37	6	- 37	- 37
Resultat før skatt		185	229	559	596	827
Skattekostnad		42	53	126	126	161
Resultat for perioden		143	176	433	470	666
UTVIDA RESULTATREKNESKAP						
Resultat for perioden		143	176	433	470	666
Andre innrekna inntekter og kostnader						
Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt						
Estimatavvik pensjon		0	0	0	0	0
Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0	0	0	0
Totalresultat		143	176	433	470	666
Totalresultat pr. eigenkapitalbevis (vekta) i heile kr		6,42	7,91	19,41	21,11	29,91

Balanse konsern

TAL I MILL. KRONER

EIGEDELAR	Note	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Kontantar og kontantekvivalentar		19	20	22
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar	13	206	655	717
Utlån til kundar	4-7, 13	60 192	56 322	57 344
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi		7 602	6 878	6 603
Finansielle derivat		394	176	185
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		733	823	765
Investering i tilknytt selskap		3	3	3
Immaterielle eigedelar og goodwill		17	28	26
Varige driftsmidlar		80	87	92
Utsett skattefordel		13	1	11
Andre eigedelar		1 227	47	40
Sum eigedelar		70 486	65 040	65 808
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	504	500	500
Innskot frå og gjeld til kundar	8, 13	34 675	31 919	32 536
Verdipapirgjeld	9, 13	27 066	25 306	25 335
Finansielle derivat		676	134	121
Betalbar skatt		128	126	172
Anna gjeld og avsetningar		354	268	294
Ansvarleg lånekapital		603	601	602
Sum gjeld		64 006	58 854	59 559
Eigarandelskapital	12	4 413	4 139	4 416
Grunnfondskapital		645	593	645
Annan eigenkapital		1 072	976	650
Hybridkapital		350	479	350
Foreslått avsett til utbytte og gâver		0	0	187
Sum eigenkapital		6 480	6 186	6 249
Sum gjeld og eigenkapital		70 486	65 040	65 808

Førde, 25.10.2022

Sindre Kvalheim
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Lise Mari Haugen

Marie Heieren

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Kontantstraumoppstilling konsern

	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Resultat før skatt	559	596	827
Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar	2 137	1 253	1 871
Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	- 3 055	- 1 824	- 2 873
Av- og nedskriving	23	30	39
Nedskriving på utlån og garantiar	6	- 37	- 37
Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar	- 8	2	2
Betalt skatt	- 171	- 120	- 120
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 76	- 92	- 163
Justering for andre postar	- 791	88	199
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	- 1 377	- 105	- 255
Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	32	- 166	- 108
Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	- 1 055	- 368	- 106
Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill	- 15	- 22	- 35
Sal av varige driftsmidlar	12	1	1
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	- 1 026	- 555	- 249
Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	4	- 1 303	- 1 302
Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld	2 066	2 256	2 297
Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	1	- 15	0
Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital	- 3	0	0
Auke i hybridkapital	0	129	0
Utbytte og gåveutbetalingar	- 179	- 119	- 122
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	1 889	964	872
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	- 514	304	368
Likviditetsbeholdning inngåande beholdning	739	371	371
Likviditetsbeholdning utgåande beholdning	225	675	739
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
Kontantar og kontantekvivalentar	19	20	22
Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar	206	655	717
Sum	225	675	739

Eigenkapitaloppstilling konsern

EIGARANDELSKAPITAL

	Eigen- kapital- bevis	Ut- jamn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	Sum
Balanse 31.12.20	1 948	2 175	0	16	593	350	354	163	129	5 727
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 129	- 129
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	129	0	0	0	129
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 11	0	0	0	- 11
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	0	11	0	459	0	470
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 30.09.21	1 948	2 175	0	16	593	479	354	622	0	6 186
Balanse 31.12.20	1 948	2 175	0	16	593	350	354	163	129	5 727
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 129	- 129
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 15	0	0	0	- 15
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	277	0	0	53	15	100	33	187	666
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	196	187	6 249
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 11	0	0	0	- 11
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 3	0	0	0	0	0	0	- 3
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	0	11	0	422	0	433
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 30.09.22	1 948	2 452	- 3	16	645	350	454	618	0	6 480

Eigenkapitaloppstilling konsern, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbeviseigarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmissig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Morbank- og konsernrekneskapen for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandarar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i mill. kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2021, for Sparebanken Sogn og Fjordane på banken sine nettsider: www.ssf.no.

ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ikkje endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar i 2022, som har fått effekt for rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Note 2 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarknad/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum konsern	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 30.09.22								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	816	5	335	476	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	120	- 12	42	71	4	23	6	- 14
Sum driftsinntekter	936	- 7	377	546	3	23	6	- 13
Driftskostnader	371	12	113	224	9	24	- 7	- 5
Resultat før nedskriving på utlån	565	- 20	264	322	- 6	- 1	13	- 8
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskriving på utlån og garantiar	6	0	4	2	0	0	0	0
Resultat før skatt	559	- 20	260	320	- 6	- 1	13	- 8
BALANSE 30.09.22								
Netto utlån til og krav på kundar	60 192	0	13 980	46 212	0	0	0	0
Andre egedelar	10 294	10 785	2 451	3 708	0	22	52	- 6 724
Sum egedelar	70 486	10 785	16 431	49 920	0	22	52	- 6 724
Innskot frå og gjeld til kundar	34 675	0	13 802	20 894	0	0	0	- 21
Anna gjeld	29 331	8 236	227	25 740	0	7	8	- 4 887
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 480	2 549	2 402	3 286	0	15	44	- 1 816
Sum gjeld og eigenkapital	70 486	10 785	16 431	49 920	0	22	52	- 6 724

	Sum konsern	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./ Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 30.09.21								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	694	- 7	274	427	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	224	99	41	62	3	27	6	- 13
Sum driftsinntekter	919	92	315	489	3	27	6	- 13
Driftskostnader	360	10	110	218	8	23	2	- 12
Resultat før nedskriving på utlån	559	81	204	272	- 6	3	4	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskriving på utlån og garantiar	- 37	0	- 38	1	0	0	0	0
Resultat før skatt	596	81	242	271	- 6	3	4	0

BALANSE 30.09.21								
Netto utlån til og krav på kundar	56 322	0	13 141	43 182	0	0	0	0
Andre egedelar	8 717	11 452	1 328	1 827	0	26	50	- 5 966
Sum egedelar	65 040	11 452	14 469	45 009	0	26	50	- 5 966
Innskot frå og gjeld til kundar	31 919	0	12 113	19 836	0	0	0	- 31
Anna gjeld	26 935	8 887	143	22 017	0	8	8	- 4 128
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 186	2 566	2 213	3 156	0	18	42	- 1 808
Sum gjeld og eigenkapital	65 040	11 452	14 469	45 009	0	26	50	- 5 966

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./ Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.21								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	945	- 8	373	580	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	329	156	57	88	4	33	8	- 17
Sum driftsinntekter	1 274	148	429	668	4	33	8	- 17
Driftskostnader	483	14	147	293	11	31	3	- 16
Resultat før nedskrivning på utlån	791	134	283	375	- 7	2	5	- 1
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 37	0	- 40	3	0	0	0	0
Resultat før skatt	827	134	323	372	- 7	2	5	- 1
BALANSE 31.12.21								
Netto utlån til og krav på kundar	57 344	0	13 647	43 697	0	0	0	0
Andre egedelar	8 464	11 408	1 296	1 437	0	25	51	- 5 754
Sum egedelar	65 808	11 408	14 943	45 134	0	25	51	- 5 754
Innskot frå og gjeld til kundar	32 536	0	12 507	20 061	0	0	0	- 32
Anna gjeld	27 023	8 916	163	21 841	0	8	8	- 3 913
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 249	2 492	2 273	3 232	0	17	43	- 1 808
Sum gjeld og eigenkapital	65 808	11 408	14 943	45 134	0	25	51	- 5 754

Note 3 Andre driftsinntekter

NETTO PROVISJONSINNTEKTER	30.09.22	30.09.21	31.12.21
Betalingsformidling	58	47	65
Verdipapiromsetnad	20	19	26
Garantiprovisjon	10	12	16
Valutaforretningar og utanlandsbetaling	4	4	5
Forsikringstenester	13	13	21
Andre provisjonsinntekter	14	12	16
Sum gebyr og provisjonsinntekter	118	106	149
Interbankprovisjon	1	1	1
Betalingsformidling	18	14	21
Cash back Visa kreditt	4	5	7
Sum provisjonkostnader	23	20	28
Netto provisjonsinntekter	96	87	121
NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT			
Netto vinst på valuta	11	11	15
Netto vinst på finansielle derivat	- 239	- 89	- 87
Netto vinst på utlån til verkeleg verdi	- 201	- 69	- 96
Netto vinst på innskot til verkeleg verdi	- 2	- 1	1
Netto vinst på sertifikat og obligasjonar	- 71	6	- 8
Netto vinst på aksjar	43	78	152
Netto vinst på finansiell gjeld	459	174	195
Netto vinst på finansielle instrument til verkeleg verdi	0	110	173
ANDRE INNTEKTER			
Eigedomsinntekter	1	1	1
Eigedomsmekling	23	26	33
Andre driftsinntekter	1	1	2
Sum andre inntekter	25	28	36
SUM NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER	120	224	329

Note 4 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar

	3. kv. 2022 isolert	3. kv. 2021 isolert	Pr. 3. kv. 2022	Pr. 3. kv. 2021	2021
Auke/reduksjon i individuell nedskriving	- 59	28	- 85	9	3
Auke/reduksjon i modellbasert forventa tap	47	- 65	76	- 56	- 53
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskriving	14	1	16	11	15
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivingar	0	0	2	2	3
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	- 1	- 2	- 3	- 3	- 4
Resultat av nedskriving for perioden	2	- 37	6	- 37	- 37

Note 5 Nedskriving på utlån og eksponeringar

Ved berekning av forventa tap blir låna delt inn i tre trinn i samsvar med krava i IFRS 9. Når eit lån blir innrekna vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gongen, blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskriving, vil dette overstyre dei modellberekna tapa på engasjementet. Individuell nedskriving inngår i nedskrivingar i trinn 3.

Konsern

2022

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngåande nedskriving på utlån til amortisert kost pr. 01.01.22	35	69	196	300
Overføringer til trinn 1	2	- 14	- 1	- 13
Overføringer til trinn 2	- 3	20	- 20	- 3
Overføringer til trinn 3	0	- 1	6	5
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	14	25	8	47
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 7	- 12	- 41	- 60
Endring i modell- og makroparametere	2	6	0	9
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskriving	0	0	- 16	- 16
Andre endringar	- 2	3	- 1	0
Nedskriving på utlån til amortisert kost pr. 30.09.22	42	95	131	268
Nedskriving på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.22	1	1	5	7
Samla nedskriving på utlån pr. 30.09.22	43	97	136	275
<i>Herav til personmarknad</i>	<i>9</i>	<i>11</i>	<i>17</i>	<i>37</i>
<i>Herav til næring og offentleg forvaltning</i>	<i>34</i>	<i>86</i>	<i>118</i>	<i>238</i>

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngåande nedskriving på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.22	4	9	3	15
Endring i perioden	1	1	12	14
Nedskriving på unytta kredittar og garantiar pr. 30.09.22	5	10	15	29
<i>Herav til personmarknad</i>	<i>1</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>1</i>
